



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Behandlande eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Guri Finne Sognnæs / 56520284 Vår referanse: 16/51851-9 Dykkar referanse: 2016/190-39 Vår dato: 12.04.2018

Kommentar til vedtak av godkjent detaljreguleringsplan – Bustader Sandvollvegen – Del av gnr. 239 bnr. 10 og gnr. 239 bnr. 30 – Sandvoll – Kvinnherad kommune – TK Prosjekt Tjenester AS

Syner til dykkar kunngjering om godkjent plan tilsendt 15.03.2018 og vår e-post som vart sendt til dykk 11.04.2018.

I dykkar brev vert det informert om at detaljreguleringsplan for 239/10 – bustader Sandvollvegen – Sandvoll – TK prosjekt tjenester AS vart godkjent i kommunestyret 22.02.2018.


I det endelege plankartet er byggjegrensa sett til 20 m frå midtlina av fv. 48. Byggjegrensa er derimot lagt til den planlagde omlegginga av fv. 48 (i detaljreguleringsplan Trafikksikring Sandvoll), og ikkje eksisterande lokaliseringa av fv. 48. Dette gjer at byggjegrensa til fv. 48 i praksis variera mellom ca. 10–16 m.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Statens vegvesen vil sterkt anbefala ei byggjegransa på 20 m til eksisterande plassering av fylkesveg 48. Fordi bustadfeltet er planlagt på nedsida av fylkesvegen, og som fylgje av det bratte terrenget, kan det kome stein-, snø- og issprut på eigedommane, og andre skadar som fylgje av drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningane/innretningane ligg nær fylkesveg 48.

Statens vegvesen ber om at utbyggar vert orientert om konsekvensane av planlagt byggjegransa og at Statens vegvesen anbefala at byggjegransa vert sett til 20 m frå eksisterande plassering av fylkesveg 49.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Guri Finne Sognnæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL